Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Saksbehandlar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57 64 31 21
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato 21.6.2012 Vår referanse 06/4314 - 461.3

Bremanger Quarry as
Dyrstad
6723 Svelgen

Tilsynsaksjon pukkverk 2012. Inspeksjonsrapport – Bremanger Quarry as

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: **Bremanger Quarry as**	Organisasjonsnr.: **979 969 821** Eigd av: **979 844 220**
Stad og kommune: **Dyrstad, Bremanger**	Kontrolldato: **14.6.2012**
Postadresse: **6723 Svelgen**	Løyvedato og internt nr.: **20.3.00 og 27.4.09 / 2012.023.I.FMSF**
Risikoklasse: **3**	☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: **Michiel Peters / 982 86 470 / michiel.peters@bremanger-quarry.no**	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: **Gøsta Hagenlund**
Desse hovudtema vart kontrollert: ☒ Internkontroll (ytre miljø) ☒ Risikovurdering ☒ Utslepp til luft eller vatn ☒ Støy ☐ Løyvet med vilkår ☒ Forskriftskrav ☐ Anna:	☐ Avfallshandtering ordinært avfall ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) ☐ Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) ☐ Sikkerheitsdatablad ☐ Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: ☐ Frekvensbasert inspeksjon ☐ Frekvensbasert revisjon ☒ Kontrollaksjon ☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før) ☐ Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	☐ Oppfølging av eigenrapport ☐ Oppfølging av klage/hending/tips ☐ Oppfølging av siste kontroll ☐ Kartlegging ☐ Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen **innan 31.8.2012**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send via Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) for innbetaling.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernsjef

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
overingeniør

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Bremanger Quarry as på Dyrstad den 14.6.2012. Kontrollen er gjennomført som lekk i ein landsomfattande kontrollaksjon retta mot pukkverk, sand- og grustak. Aksjonen er koordinert av Klima- og forureiningsdirektoratet.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **31.8.2012**. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknyting til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Verksemda gir inntrykk av å vere vel driven, og internkontroll synest generelt å vere godt ivareteke. Vi vil nytte høvet til å takke for ein fin gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

Varsel om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3 og orientering under kontrollen. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll for verksemd i risikoklasse 3 er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Informasjonsark om gebyrsystemet vart delt ut på kontrollen. Merk at denne informasjonen gjeld verksemder utan særskild løyve etter ureiningslova, og at satsane for dykkar verksemd er fastsett i samsvar med § 39-6.

Fylkesmannen varslar med dette at Bremanger Quarry as) skal betale eit gebyr på kr. 11 600,- (risikoklasse 3) for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik frå miljøvernregelverket

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1. Sprenging av fast fjell skjer utanom tida 0700 - 1600

Avvik frå: Ureiningsforskrifta § 30-8

Kommentarar:
Forskriftskravet er strengare enn i gjeldande utsleppsløyve. Det strengaste kravet gjeld frå 2011, inntil ev. nytt utsleppsløyve er vedteke.

Verksemda sprenger jamleg 1 – 2 gonger kvar veke, men det vil til vanleg vere meir sjeldan om vinteren. Vanleg sprengetid er i skiftetida av mannskap og skjer oftast på dagtid. Nokre gonger er det behov for sprenging seinare på dagen, kan hende inntil kl 2000 – eller så lenge det er godt lys.

Fylkesmannen ser ikkje nokon spesiell miljømessig grunna årsak til at verksemda ikkje kan halde fram med sprengeaktivitet som omtalt. Vi er samd i at avviket inntil vidare kan lukkast med å søkje Fylkesmannen om endra sprengetider i samband med søknad om utvida løyve.

Avvik 2. Støv i vassfase vert leia direkte til resipient og kan innehelde høge konsentrasjonar av suspendert stoff.

Avvik frå: Ureiningsforskrifta § 30-6, jf. § 30-9 pkt b) og utsleppsløyvet vilkår 2.1

Kommentarar:
Forskriftskravet er utforma annleis enn i gjeldande utsleppsløyve. Det strengaste kravet gjeld frå 2011, inntil ev. nytt utsleppsløyve er vedteke.

Fangdam for suspendert stoff er sidan siste besøk flytta opp til tunnelmunninga. Vatn frå tunnel vert til vanleg leia via sandfang i betong til sandfanget utanfor tunnellen. Dette sandfanget var fullt og arbeid var starta for å tømme det. For å kunne tømme sandfanget, er verksemda innretta slik at avløpsvatnet mellombels vert kopla direkte til utslepp i sjø etter sandfanget i betong.

Dokumentasjon på konsentrasjon av suspendert stoff i avløpsvatnet til sjø kunne ikkje leggast fram. Fylkesmannen meiner mangel på reinsing i det siste sandfanget viser at konsentrasjonen er for høg i høve til krav i utsleppsløyvet og krav til maksimalinnhald i forskriftskravet.

Verksemda må innrette sandfanget på annan måte, slik at heile sandfanget ikkje vert stengt under tøming. Alternativt må all produksjon ved anlegget stoppast når sandfanget vert tømt.

Avvik 3: Noko av det farlege avfallet vert ikkje handtert i samsvar med krav.

Avvik frå: Avfallsforskrifta §§ 11-5 og 11-8, internkontrollforskrifta § 5, punkt 7

Kommentarar:
Verksemda leverer farleg avfall kvart år. Mengdene er varierande. Fleire leveringspliktige avfallstypar vert ikkje levert årleg, eller kan ikkje dokumenterast at vert levert.

Merk! Verksemd av denne typen har fleire ulike farleg avfallstypar. Døme er spillolje (både refunderbar og ikkje-refunderbar), kjøle-/frostvæske-restar, oljeureina masse, batteri, lysrøyr og sparepærar (inneheld m.a. ofte kvikksølv), sprayboksar (NB! "tomme" boksar er eigen farleg avfallstype), asbest, impregnert tre, m.m. Fleire farlege avfallstypar vert ikkje fråsortert, men vert levert som ordinært avfall. Lysrøyr vert lagra som eigen farleg avfallstype, men er ikkje levert i samsvar med krav.

Farleg avfall er ikkje tilstrekkeleg merka. Kvar avfallstype må vere varig merkt med type og gjerne med deklarasjonsnummeret som høyrer til neste leveranse.

Lageret var rotete og det var vanskeleg å få oversikt over typar og mengder avfall. Lageret var delvis brukt til tomemballasje som bidreg til å gjere det trangt og uoversiktleg. Batteri var plassert inne i containeren, men var vel noko vilkårleg plassert, med ein viss fare for skade/søl ved velting.

Andre forhold /kommentarar:
Dokumentasjon på internkontroll
Gjennomgang av internkontrollen for det ytre miljøet var berre i mindre grad tema for denne kontrollen. Verksemda kunne på kontrolldagen legge fram svært god oversikt over korleis ein arbeider med dokumentasjon og betring av internkontroll. Dokumentasjonen omfatta også ytre miljø under tema mål, risikovurdering, handlingsplan, rutinar, avvikshandtering og systematisk gjennomgang.

Utviding av produksjon
Verksemda har nyleg formelt søkt Fylkesmannen om utvida produksjon. Etter kontrolldagen er søknaden også utvida med tilhøvet til sprengetider.